



STORTINGET

Representantforslag 198 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Geir Inge Lien, Geir Pollestad og Siv Sætran

Dokument 8:198 S (2025–2026)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Geir Inge Lien, Geir Pollestad og Siv Sætran om kompensasjonsordning for bedrifter utan høve til omstilling

Til Stortinget

Bakgrunn

Mange verksemdar i Noreg står føre betydelege endringar som følgje av at CO₂-avgiftene vert trappa opp. Føremålet med avgiftene er å bidra til utsleppsreduksjonar gjennom å gjere det meir lønsamt å ta i bruk teknologiar og energibærarar med lågare eller ingen klimagassutslepp. For næringslivet inneber dette eit insentiv til omstilling, men òg ulike grader av økonomiske og praktiske utfordringar.

For enkelte bedrifter kan høvet til omstilling vere avgrensa. Det finst verksemdar som i dag ikkje har tilgang på alternative energibærarar som elektrisitet, biogass eller andre lågutsleppsløysingar, anten som følgje av kapasitetsutfordringar i energinettet, manglande infrastruktur, avgrensa tilgang på nødvendige innsatsfaktorar eller teknologiske flaskehalsar. I andre tilfelle kan tilgjengelege alternativ vere teknisk mogelege, men knytte til svært høge investeringskostnader eller driftsmessige konsekvensar som gjer ein rask overgang krevjande.

Slike strukturelle tilhøve gjer at effekten av CO₂-avgifta kan variere monaleg mellom sektorar og regionar. Enkelte verksemdar kan stå overfor kostnader som dei i avgrensa grad kan påverke, og som potensielt kan ha verknad for konkurranseevne, arbeidsplassar og lokal verdiskaping.

Vartdal plast er eit døme på ei verksemd som i dag står framfor betydelege utfordringar knytte til CO₂-avgifta. Selskapet har anslått at avgiftsbelastninga kan overstige 60 mill. kroner dei komande åra, samstundes som dei ikkje får tilgang på tilstrekkeleg elektrisk kraft til å erstatte dagens gassbaserte produksjonsprosessar. Manglande nettkapasitet gjer det dermed umogeleg for bedrifta å gjennomføre utsleppskutt.

Med bakgrunn i situasjonen til mellom anna Vartdal plast bør det greiast ut ei ordning for kompensasjon av CO₂-avgift for bedrifter som ikkje har reelt høve til å omstille seg bort frå bruk av fossile energibærarar, anten på grunn av manglande tilgang på alternative energikjelder eller fordi omstillinga vil vere for kostbar.

Som del av utgreiinga bør ein vurdere både kvar ei slik ordning bør vere plassert, til dømes i verkemiddelapparatet, korleis ho bør utformast og kor omfattande ho bør vere. I arbeidet skal ein ta omsyn til norsk konkurranseevne, risikoen for karbonlekkasje og omsynet til rettferdig konkurranse.

Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremja følgjande

f o r s l a g:

Stortinget ber regjeringa innan våren 2027 kome tilbake til Stortinget med eit forslag om ei ordning med kompensasjon for CO₂-avgift for bedrifter som ikkje har reelt høve til å omstille seg bort frå bruk av fossile energibærarar, anten på grunn av manglande tilgang på alternative energikjelder (medrekna nettkapasitet for straum) eller fordi omstillinga vil vere for kostbar.

24. mars 2026

Geir Inge Lien

Geir Pollestad

Siv Sætran